

## **Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 11. februar 2015.**

Tilstades: Regionordførar Jon Svartdal, Halvor Homme, Erik Skjervagen, Arne Vinje, Torstein Tveito, Kari Gro Espeland, Brit Houge, Sverre Sæter, Ketil Kiland, Jan Myrekrok, Øystein Tveit, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes.

Hilde Alice Vågslid hadde meldt forfall til møtet.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

### **Sak 01/2015 Referat frå rådsmøte 25. november 2014.**

*Vedtak: Referat frå rådsmøte 25. november 2014 vart samrøystes godkjent med ei mindre endring i ordlyden i sak 62/2014 gjeldande kommunereformen. I setning nr 3 skal rett ordlyd vera :*

*" Arne Vinje stilte innleiingsvis spørsmål om kva som er det formelle grunnlaget for kommunanes utgreiingsplikt. Det kom fram at oppdraget ikkje er heimla i lov, men heller eit "oppdrag" frå eit fleirtal i Stortinget."*

### **Sak 02/2015 Framtiden i våre hender, nytt lokallag i Seljord/Kviteseid.**

#### **Komande arrangement " Den store klimadagen"**

#### **Orientering v/Ingeborg Fangel Mo.**

Ingeborg Fangel Mo var tilstades og viste til bakgrunnen for saken og orienterte nærare om det nystifta lokallaget av "Framtiden i våre hender". Organisasjonen har stor fokus på miljø- og klima, og planlegg arrangementet: "Den store klimadagen" på Granvin 11. mars.

Målet med konferansen er å løfte kunnskapsnivået og gjera folk medvetne at klimasaken er ei utfordring vi kan gjera noko med. Arrangementet er ikkje partipolitisk, og ein har fokus på at Noreg har eit særskilt ansvar for å få til endringar.

Regionordførar tek sikte på å delta i møtet, og ser gjerne at fleire av ordførarane deltek.

Ingeborg Fangel Mo vil sende ut ny og ajourført invitasjon til arrangementet.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.*

### **Sak 03/2015 Utgreiinga om vegsambandet mellom Austlandet og Vestlandet.**

#### **Orientering v/Kjell Solheim og Gro Rønningen Statens vegvesen.**

Kjell Solheim og Gro Rønningen frå Statens vegvesen var tilstades i denne saken og orienterte nærare om utgreiinga. På bakgrunn av den samfunnsøkonomiske analysa, foreslår vegvesenet ein langsiktig strategi der E134 får høgast prioritet og blir ein av i alt to aust/vest-korridorar.

Haukelifjell er det einaste aust/vest-sambandet sør for Hardangervidda, og er det sambandet som på best måte tener heile området mellom Bergen og Stavanger i vest og Oslo/Drammen, Vestfoldbyane og Grenland i aust.

Utgreiinga har stor fokus på å få til betra regularitet vinterstid, og dermed danne grunnlag for ein forutsigbar og påliteleg transport mellom aust og vest.

Rapporten er no ute på høyring med uttalefrist 8.mai 2015.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande. Regionrådsleiar får i oppdrag å lage forslag til uttale med tanke på handsaming i rådsmøtet 17. mars.*

### **Sak 04/2015 Kostnadsnivået på feieavgiftene i Vest-Telemark.**

I møte 25. november 2014 handsama Vest-Telemarkrådet sak omkring nivået på feieavgiftene i regionen. Utgangspunktet for saken er at avgiftsnivået på feietenestene i Vest-Telemark synest høge i høve til andre regionar/kommunar. Saken vart utsett i nemnte rådsmøte, og rådmennene fekk i oppdrag å undersøke nærare omkring kostnadsnivået i andre kommunar.

I dagens møte orienterte dagleg leiar Tore Metveit og styreleiar Hans Kristian Lehmann nærare om saken. Det låg også føre oversikt over feie/tilsynsgebyr for ei rekkje andre kommunar samt budsjettforslag for feiarvesenet 2013.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande.*

### **Sak 05/2015 Godtgjersle til regionordførar/regionvaraordførar.**

I møte 25. november 2014 handsama Vest-Telemarkrådet sak omkring godtgjersla til regionordførar og regionvaraordførar. Saken vart utsett og administrasjonen fekk i oppdrag å innhente nærare informasjon om nivået i andre regionar. Til dagens rådsmøte låg det føre informasjon frå ei rekkje andre regionråd gjeldande nivået på godtgjersla til dei politiske leiarane.

Regionrådsleiar orienterte nærare om resultatet av undersøkingane, og viste til at arbeidsomfanget og medverknaden frå dei politiske leiarane i Vest-Telemarkrådet har auka på etterkvart. Vidare synest det vera betydelege forskjellar mellom dei ulike regionråda, der omlag halvparten av råda som inngår i undersøkinga ikkje har godtgjersle.

Med utgangspunkt i undersøkingane låge det føre tilråding om å knyte godtgjerslene opp mot stortingsrepresentantanes løn, med forslag om at regionordførar skal ha 10 % og regionvaraordførar 3 % av denne.

I samband med ordsiftet fremma Halvor Homme fylgjande alternative forslag som vart samrøystes vedteke:

*Vest-Telemarkrådet rår Vest-Telemarktinget til å fastsetja dei årlege godtgjerslene såleis:*

*Regionordførar: kr 30 000,- pr. år*

*Regionvaraordførar: kr 5 000,- pr. år*

*Dei nye satsane skal gjerast gjeldande frå og med 2016.*

### **Sak 06/2015 Orienterings- og drøftingssaker.**

Vest-Telemark Næringsforum - status og framtidsutsikter, orientering v/Olav A. Veum.

Dagleg leiar i VTNF var tilstades og orienterte om status og framtidsutsikter for selskapet. Den økonomiske situasjonen er utfordrande og drifta akkurat no kviler på kontingent frå medlemsbedriftene.

Det ligg godt til rette for at VTNF kan få eit engasjement for Vest-Telemarkrådet gjeldande førebuing av regionens søknad om midlar til fase 2 i byregionprogrammet.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.*

### Oppdatering i samband med kommunereformen.

Regionordførar orienterte om kommunestyre-vedtaka så langt.

Seljord, Kviteseid og Nissedal har gjort vedtak om å gå vidare med eit forstudium, medan Vinje, Tokke og Fyresdal skal handsame saken i løpet av dei 2 komande vekene.

*Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande.*

Førespurnad til kommunane frå Telemark Hoppanlegg Høydalsmo om støtte til drift av hoppanlegget.

Det låg føre søknad frå Telemark Hoppanlegg Høydalsmo adressert til kvar enkelt kommune om støtte til drift av hoppanlegget.

I E-post datert 2. februar låg det også føre spørsmål frå Hilde Alice Vågslid om å få saken opp til felles drøfting i samband med rådmøtet 11. februar.

Drøftingane gav signal om at søknaden truleg ikkje vil bli tilrådd i fleire av kommunane, og at denne søknaden må inngå i ei samla vurdering i lag med andre søknader. Brit Houge vil ta signala med tilbake til ordføraren.

Mogleg møte med Telemarksbenken.

Regionrådsleiar har nyleg sendt førespurnad til Terje Lien Aasland for å få til eit snarleg møte med Telemarksbenken. Aust-vest utgreinga og val av korridor er mellom sakene som ein ynskjer å drøfte i eit slikt møte.

Evaluering av utstillinga "Hvis klær kunne fortelle".

Ein legg opp til å evaluere utstillingen i komande rådmannsmøte.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes